

På lag med
framtida.

Bjørnafjorden Venstre



VENSTRE

Med Bjørnafjorden inn i framtida.



Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Kjære veljar:

Bjørnafjorden Venstre sine 31 kandidater på lista til kommunevalet 2019 er no klare for å gjera Bjørnafjorden til ein endå betre kommune å bu i. Ein kommune som gir omsorg når du treng det, er ein god stad å veksa opp, og legg til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.

Venstre tenkjer langsiktig og bur seg til dei store endringane vi veit kjem i framtida. Vi vil ta vare på Bjørnafjorden sin eigenart og samstundes vere opne og inkluderande. Det viktigaste er å verna luft, jord og vatn. Det alle må ha. Det vi skal gje vidare til nye generasjonar.

I programmet finn du eit utval av saker som vi arbeider for å få til. Bjørnafjorden Venstre er eit sosial-liberalt parti som set folk først og tar ansvar. Vårt mål er å gjera Bjørnafjorden til ein enda betre kommune for både dei som bur her og dei som besøkjer oss.

Hjelp oss med det! - Godt val!

Gustav Folkestad
-ordførarkandidat-

Ein god stad å veksa opp

For Venstre har gode oppvekstvilkår alltid vore ei kampsak. Fokus på innhald og kvalitet i oppvekssektoren er difor eit satsingsområde for Venstre

Vi vil:

- ✓ prioritera vidareutdanning av pedagogar i skulen samt styrka satsinga på Kompetanse for kvalitet (ref . UDIR).
- ✓ styrka kompetansemiljøet rundt barnehage og skule, t.d PPT og helse-sjukepleiar.
- ✓ leggja til rette for fleire yrkesgrupper i skulen for å møte kompleksiteten i skulekvardagen.
- ✓ leggja til rette for god kvalitet i barnehage og skule gjennom gode rammer som gir nok kvalifisert arbeidskraft.

Ein god stad å leva

Venstre ser på helse som resultat av arv, det fysiske og sosiale miljø ein skapar, tenester som blir produsert og tilbydd, og kvar enkelt sine haldningar – frå vogge til grav. Omsorg handlar om korleis vi tek vare på kvarandre.

Vi vil:

- ✓ investera i folkehelsa ved ei kraftfull satsing på friluftsliv og aktivitetar.
- ✓ styrka fastlegeordninga og legevakttjenesta i Bjørnafjorden kommune.
- ✓ styrkja dei kommunale psykiatriske tenestene.
- ✓ styrkja rusomsorga - LAR og rehabilitering av rusmisbrukarar.
- ✓ styrkja ordninga med brukarstyrt assistent for heimebuande funksjonshemma.
- ✓ at tannhelse for eldre skal styrkast.
- ✓ gå inn for kjøkken på Luranetunet.
- ✓ satsa på god livskvalitet i alderdommen.

”For god kvalitet i barnehage og skule”

VENSTRE
Folk først.



”Nei til bru over Bjørnafjorden”



VENSTRE
Folk først.



Landbruk.

Matproduksjon og landbruk er viktig for Venstre. Matproduksjonen er viktig i beredskap, men også som kulturberar. Vi vil leggja forholda til rette for bøndene slik at dei kan skapa gode bedrifter og ei god og trygg framtid på gardane i Bjørnafjorden kommune.

Vi vil:

- ✓ liberalisera regelverket i forhold til foredling og sal av eigne produkt i landbruket. Foredling av eigne ressursar skal inngå i landbruksproduksjonen.
- ✓ verna og stimulera til aktivt bruk av dyrka mark. Det offentlege bør delta i dette arbeidet via offentleg arealforvaltning.
- ✓ styrka Bjørnafjorden landbrukskontor slik at dei kan driva meir rettleiing mot innovasjon og utvikling av landbruket inn i ei økologisk framtid.
- ✓ sikra ei vaktordning for veterinærer for å ta vare på dyra si velferd.

Klima / Miljø

Venstre har i fleire år kjempa for å gjera Os og Fusa kommune meir miljøvennleg. Det ønskjer vi å halda fokus på.

Vi vil:

- ✓ setja av minimum 50% av kommunale overskot i eit fond for miljøtiltak. Fondet skal gje støtteordningar til miljøtiltak for innbyggjarane i kommunen og motivera til grønne næringar.
- ✓ Venstre er for Hordfast via Fusa og imot bru over Bjørnafjorden. Bru over Bjørnafjorden øydelegg sårbar natur på begge sider av fjorden.
- ✓ utarbeida ein kommunedelplan for berekraftig akvakultur i Bjørnafjorden kommune.
- ✓ jobba for eit større artsmangfald.
- ✓ framleis stimulera til opprydding av plast i havet og støtta gode ordningar for levering av oppsamla plast.
- ✓ stimulera til driftsrutinar for oppsamling av gummigranulat på kunstgrasbanar.



”Eg trur på
skaparkraft”

VENSTRE
Folk først.



Nyskaping og grøn vekst

Venstre har aktivt bidratt til at det er blitt mange fleire lokale arbeidsplassar sidan valet for 4 år sida. Arbeidsplassar i nærmiljøet er innovative og eit viktig klimatiltak med mindre pendling til Bergen. Vår satsing på nærings sjef, næringskonsulent og Bjørnafjorden næringsråd har ført til at det har blitt nær 300 nye arbeidsplassar sidan 2015.

For at den gode trenden skal halda fram, vil Venstre:

Vi vil:

- ✓ etablere Lyseparken som fyrttårn og pilot for storskalatiltak til eit grønt skifte gjennom forpliktande samarbeid med store teknologiutviklarar og kraftselskap.
- ✓ stimulera til nye nettverk og styrka eksisterande nettverk gjennom Gründerpark i samarbeid med Bjørnafjorden Næringsråd.

- ✓ Marknadsføra Bjørnafjorden på nytt i samarbeid med innovative aktørar innan kultur og næring.
- ✓ Stimulera til teknologidreven gründerverksemd.
- ✓ Etablere kommunale tilskuddsmidler for eksisterande verksemdar til innovasjon og omstilling.
- ✓ Arbeida for at oppdrett og fiskeri skal vera ein naturleg del av næringslivet i Bjørnafjorden kommune og satsa vidare på utdanningstilbud innan akvakultur i kommunen.

Økonomi

- ✓ Venstre vil arbeida for ein skattemodell som tilgodeser vertskommunane med skatteinntekter fra oppdrettsnæringa.
- ✓ Venstre er imot eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune.

”Gul stripe og sykkelveg frå Eikelandsosen til Osøyro”

VENSTRE
Folk først.



Folk

Byggja Bjørnafjorden kommune

Venstre vil fokusera på å byggja den nye kommunen vår. Det er viktig å aktivt jobba for at kommunene skal bli ei eining, og vi ønskjer sterkt fokus på dette arbeidet.

Venstre er imot bru over Bjørnafjorden og vil arbeida for Hordfast via Fusa. Dette vil knyta Fusa- og Os-delen av nye Bjørnafjorden kommune saman med bru over Fusa-/Samnangerfjorden.

Vi vil:

- ✓ arbeida for Hordalandsdiagonalen som vil knyta Bergensområdet effektivt til E134 over Haukeli. Ved å kombinera Hordfast via Fusa og Hordalandsdiagonalen kan ein spara inn veginvesteringar på minst 10 milliardar og redusera bompengebelastninga merkbart for bilistane.
- ✓ laga ein arealplan for vår nye kommune.
- ✓ rusta opp kommunale vegar, satsa på rassikring og sikring av vegkryss.
- ✓ jobba for betre og fleksible kollektivløysingar i Bjørnafjorden kommune
- ✓ arbeida for trygge skulevegar.
- ✓ tilretteleggja turvegar og gode parkeringsplassar ved start av turvegar i Bjørnafjorden kommune.
- ✓ arbeida for gul stripe og gang- og sykkelsti mellom Eikelandsosen og Osøyro.

Kultur og idrett

Venstre meiner kommunesaman-
slåinga fordrar ekstra satsing på
kulturutvikling i dei komande åra.
Dette må skje i tett samarbeid
med det frivillege kulturlivet, kul-
turarbeidarar, idealistar og profes-
sjonelle kunstnarar.

Venstre vil ha eit kulturløft for å utvi-
kla kulturnæringane og setja Bjørna-
fjorden kommune på kartet som ein
inspirerende og kreativ kommune.
Bjørnafjorden Venstre ser at den
frivillige innsatsen gjennom idretts-
laga har stor verdi for befolkningen
i kommunen, både som eit sosialt
samlingspunkt og i eit folkehelseper-
spektiv.

Vi ser også kor viktig eit variert tilbud
til unge og vaksne er, slik at at så
mange som mogleg deltar på desse
arenaene.

Vi vil:

- ✓ Identifisera og bruka meir midlar på kunst og kultur som set Bjørnafjorden på kartet.
- ✓ Utarbeida ein kulturplan i nært samarbeid med det frivillege og det profesjonelle kulturlivet. Kulturplanen skal peika på kva som skal til for å utvikla identiteten til Bjørnafjorden kommune, rydda opp og profesjonalisera tilskotsordningar, styrka kunst- og kulturfagleg medverknad og foreslå nye, unike grep som kan gjera vår kommune enda meir attraktiv.
- ✓ Markedsføra Bjørnafjorden kommune på nye måtar i samarbeid med innovative aktører innan kultur, reiseliv og næring
- ✓ Vidareutvikla kulturskulen og gi Oseana midlar til å utvikla eigne produksjonar.
- ✓ Bruka meir midlar til kreative fag i skulane og styrkja musikk, Kunst, Design og Arkitektur-utdanninga ved dei vidaregåande skulane.
- ✓ Saman med frivillege og idrettslag leggja til rette for varierte aktivitetar og idrettar i heile kommunen. Eit variert tilbud vil tiltrekkja seg flere menneske, noko som vil slå positivt ut for folkehelse i kommunen.



Venstre sine kandidatar i Bjørnafjorden



1. Gustav Folkestad

Bur i Eikelandsosen og er dagleg leiar på eit oppdrettsanlegg. Mine hjertesaker er å byggje Bjørnafjorden kommune, næring, samferdsel og arealbruk. Vegar med gul midtstripe er ein føresetnad for eit godt kollektivtilbod.



2. Astrid Dale

Ei stemme for Søre Øyane. Eg er opptatt av å verna fjorden vår mot ei gigantbru som vil skada miljøet og naturen her.



3. Henrik Johannessen

Bur på Søfteland og er til dagleg skuleleiar i Os kommune. Mine hjertesaker er gode oppveksvilkår og miljøsa. Desse går hand i hand, då dette er vår framtid.



4. Aldona Petkeviciene

Bur på Lunde i Os kommune, og er sjølvstendig næringsdrivande. Mine hjertesaker er grøn næring og gründerverksemd.



5. Olav Lønheim Tveitnes

Bur i Hålandsdalen, er kvalitetsleiar ved eit oppdrettsanlegg samt økologisk bonde på fritida. Mine hjertesaker er landbruk, miljø og næring.

6. Toril Hjartåker Hauge

7. Tore Rykkel

8. Mika Stensletten

9. Lajla Tveitnes

10. Margrethe Håvarstein

11. Egil Haugland

12. Inger Marie Fimreite

13. Terje Hatvik

14. Fredrik Alden Thorsen

15. Nina Laupsa

16. Arne Kristian Kolstad

17. Elisabeth Haugland

18. Sturle Gaassand

19. Bjørg Fosså Eikeland

20. Helge Kjellevold

21. Kjersti Herdlevær

22. Ragnhild Holmefjord

23. Kari Bente Stein Helland

24. Anne Elisabet Røttingen

25. Anna Margreta Lunde

26. Ragnar Nikolai Rindedal

27. Kristi Fantoft Tuastad

28. Nils Henrik Tuastad

29. Tore Lyssand

30. Sveinung Stensletten

31. Harald Hjartåker



VENSTRE

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

www.venstre.no/lokal/hordaland/bjornafjorden/